

Ingrid Isdal Lindstrøm

Indeksikalitet i teikn- og talespråk

Korleis indikere til individ, objekt, tid og lokasjon gjennom peiking og plassering

Bacheloroppgåve i Norsk teiknspråk

Rettleiar: Lindsay Nicole Ferrara

Juni 2024

Ingrid Isdal Lindstrøm

Indeksikalitet i teikn- og talespråk

Korleis indikere til individ, objekt, tid og lokasjon gjennom peiking og plassering

Bacheloroppgåve i Norsk teiknspråk
Rettleiar: Lindsay Nicole Ferrara
Juni 2024

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for språk og litteratur



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Samandrag:

Det er mange ulike måtar ein kan uttrykke indeksikalitet i teikn- og talespråk. Indikering er ein viktig del i den kvardagslege kommunikasjon uavhengig av kva modalitet språket har, og er med på å fremme meiningsinnholdet i det ein ytrar. Peiking og plassering er måtar ein kan uttrykke indeksikalitet og kan vise til personar, tid og lokasjonar og andre omgivningar rundt. Peiking er ein viktig kommunikativ ressurs der manuell og ikkje manuelle peiking er viktig. Plassering er ein måte å indikere til seg sjølv og andre referentar i teikn- og talespråk. I samband med plassering og teiknspråk er teiknrømmet ein viktig ressurs i indikering til synlege og usynlege referentar. Uavhengig om ein indikerer med peiking eller plassering er det viktig at ein har etablert kontekst for at ein skal forstå indikeringa. Indikering er med andre ord ein naturleg del av språket, og uttrykkast på forskjellige måtar.

Abstract:

There are many different ways to express indexicality in sign- and spoken languages. Indicating is an important part of the everyday communication regardless of the type of modality that the language uses, and supports the meaningful content in the expression used. Pointing and placing are ways to express indexicality and can reveal information about people, time and location and other surroundings. Pointing is an important communicative resource where manual and non-manual pointing is important. Placing is another way to indicate to oneself, and other referents. In connection to sign language and placing, the sign space is an important resource in indication to visible and invisible referents. Regardless if one indicates through pointing or placing it is important to establish the context to be able to understand what is being indicated. Indexicality is in other words a natural part of languages and can occur in different ways.

Innholdsliste:

1. Innleiing	1
1.1. Val av tema, problemstilling og avgrensingar.....	2
1.2. Oppgåvas oppbygging.....	2
2. Kva er indeksikalitet?	3
2.1. Kva er indeks, symbol og ikon.....	3
3. Directing-to og placing-for	4
4. Indikering gjennom directing-to	5
4.1 Indeksikalitet i manuelle peik.....	5
4.1.1 Manuelle peik i talespråk.....	6
4.1.2 Manuelle peik i teiknspråk.....	6
4.2 Indeksikalitet i ikkje-manuelle peik.....	9
4.2.1 Indeksikalitet i ord på talespråk.....	10
4.2.2 Indeksikalitet i blick i teikn- og talespråk.....	10
4.2.3 Indeksikalitet i tid.....	11
4.2.4 Indeksikalitet i ansikt, hovud og kroppen.....	13
5. Indikering gjennom placing-for	15
5.1 Indeksikalitet gjennom plassering av seg sjølv og andre kunstige ting og objekt.....	15
5.2 Indeksikalitet i plassering av referentar i teiknrommet i teiknspråk.....	16
6. Drøfting og samanlikning	19
7. Oppsummering	22
8. Kjeldeliste	24

1. Innleiing:

Mimi og Elisabeth er på Norgesferie og leiter etter ein stad for å ete middag. Dei går forbi eit hotell som ser lovande ut, og Elisabeth går inn for å sjekke om dei har ein restaurant. Ved resepsjonsdisken på hotellet står det ei dame som ynskjer dei velkommen. «Hei, kva kan eg hjelpe dykk med?», spør ho. Elisabeth går bort og plasserer seg framfor resepsjonsdisken, og svarer «Hei, eg lurte på om de serverer mat her?». Resepsjonisten smiler til dei og seier «Ja, de kan ete på restauranten vår her!» samtidig som ho peiker med handa i retninga mot restauranten bak Elisabeth. Elisabeth retter blikket, hovudet og overkroppen mot retninga av der resepsjonisten peiker med handa.



Figur 1. Hotel employee rule number 1: Service with a smile, 2015, av Prieur.

(<https://www.linkedin.com/pulse/hotel-employee-rule-number-1-service-smile-jean-pierre-prieur>). CC BY-NC-ND 2.0.

Situasjonen over viser korleis indeksikalitet i form av peiking og plassering med ord eller teikn, og kroppen forankrar kommunikasjon i praksis. Dømet er relevant for både teikn- og talespråklege då ein brukar mykje av dei same semiotiske ressursane i språka. Semiotiske ressursar er dei minste einingane som er meningsskapande i kommunikasjon. Desse ressursane kan vere alt frå ord eller teikn, til heving og rynking av augebryna (Bø et al, 2018). Peiking kan utførast på ulike måtar og er ein måte å forankre koplingar mellom ein referent og den materielle verda. Vidare, skal teksten òg vise korleis ein kan indikere på ulike måtar gjennom plassering av seg sjølv og andre referentar i adressanten sitt fokusområde. Måten ein peiker og plasserer er knytt til modaliteten til språket. Ein modalitet er teiknsystemet som blir brukt som den kommunikative overføringskanalen (Henriksen & Svennevig, 2022; Vonen, 2020). Dersom dømet over var ein teiknspråkleg diskurs ville ytringa blitt kommunisert gjennom den visuell-gestuelle modaliteten med teikn og gestar. Var det ein talespråkleg diskurs er ytringa den same, men personane brukar då den auditive modaliteten, stemmen, saman med gestar ettersom talespråk òg brukar den visuelle-gestuelle modaliteten (Vonen, 2020). Situasjonen over viser at ein brukar blant anna peiking i form av pronomen, determinativ, indeksfingeren, blikk, overkroppen og konvensjonell plassering av seg sjølv for

å indikere i samtalen. Indikering er med andre ord ein naturleg del av kommunikasjon og er med på å fremme meiningsinnholdet i det ein ytrar. Uavhengig av kva som blir indikert til, er det viktig at det blir artikulert på ein konvensjonell måte. I tillegg må konteksten vere godt etablert for at ein skal forstå indikeringa (Cooperrider et al, 2018; Ferrara, 2020). Med utgangspunkt i omgrepa til Herbert Clark (2003) identifiserer teksten peiking og plassering som «directing-to» og «placing-for» og vise korleis ein uttrykker indeksikalitet på teikn- og talespråk. Samt diskutere og samanlikne teksten likskapar og skilnadar av peiking og plassering i språka.

1.1 Val av tema, problemstilling og avgrensingar:

Det er mange ulike måtar ein kan uttrykke indeksikalitet og dette er grunnen til kvifor eg valte denne problemstillinga. Å lære om korleis ein uttrykker indeksikalitet i teikn- og talespråk var ein fin moglegheit til å setje seg inn i korleis det fungerer. Indeksikalitet er noko som pregar den kvardagslege kommunikasjonen vår, og ved å undersøke dette temaet kan det skape meir merksemd og medvit i korleis ein faktisk indikerer i språka. Eg har valt å fokusere på indeksikalitet i peiking og plassering og ser på likskapar og skilnadar i ulike teikn- og talespråk. I peikedelen fokuserer eg på manuelle peik på talespråk, peikande teikn i teiknspråk og ikkje manuell peiking i form av ord på talespråk. Vidare ser eg på ikkje manuell peiking med blick, hovud og overkroppen i teikn- og talespråk. Eg kunne ha skrive meir om fleire ulike måtar å indikere gjennom ikkje manuelle peik, som ansiktet, men eg valte å avgrense meg då det vart for lite plass i oppgåva. I tillegg fant eg ikkje nok kjelder. Vidare valte eg å ikkje skrive om stadadverb då eg heller ikkje fekk plass til dette og synest dei andre måtane å indikere på var viktigare.

1.2 Oppgåvas oppbygning:

Innleiingsvis skal teksten først greie ut om kva indeksikalitet er ved å referere til Clark og Charles Sanders Peirce og deira forståing av indeksikalitet. Deretter skildrar oppgåva kva directing-to og placing-for er i samband med peiking og plassering. Etter det presentere teksten dei ulike måtane ein kan indikere på i teikn- og talespråk ved å dele dei inn i directing-to og kontrasterer mellom manuelle peik og ikkje manuelle peik. So kjem delen med placing-for og ser på eit talespråkleg døme med plassering og deretter eit teiknspråkleg døme med plassering i teiknrømmet. I drøftedelen samanliknar oppgåva likskapar og ulikskapar for

korleis indikering blir uttrykt i språka. Til slutt er det ein oppsummering som tar opp det viktigaste av oppgåva.

2. Kva er indeksikalitet?

Indeksikalitet er ein viktig del av den kvardagslege kommunikasjon i både teikn- og talespråk. Å indikere handlar om korleis ein skaper indeksar for personar, gjenstandar, lokasjonar, abstrakte idear eller andre referentar. Ein skaper indeksar som forankrar seg til referentar, enten dei er synlege eller usynlege. Ein indeks kan vere ei hand som dømet med resepsjonisten. Handa fungerer som ein indeks for restauranten som resepsjonisten peikar mot. For å forstå indeksikalitet betre vender teksten til Herbert Clark og Charles Sanders Peirce sin forståing av kva indikering er (Clark, 2003; Ferrara et al, 2022).

2.1 Kva er indeks, symbol og ikon:

Gjennom indeksikalitet kan me skape meining og samspel i kommunikasjon gjennom teikn som forankrar seg til individ, tid, lokasjon, objekt og konsept (Clark, 2003; Ahearn, 2021). Han bygger sin teori på talespråk, og Peirce som forklarar at indeksikalitet er bygd opp av teikn som refererer til noko eller nokon som relaterer til eit objekt. Teikna er delt inn i tre typar som er symbol, ikon og indeks. Indeksar er fokuset i denne oppgåva. Grunnen til at ein skil dei i tre formar heng saman med deira relasjon til teikn og objekt er ulike. Sjølv om dei er ulike i måtane dei relaterer til objekt, delar dei nokon fellestrekk. Hovudfellestrekket er først og fremst at dei alle saman refererer til noko (Clark, 2003).

Ein indeks er eit teikn som refererer eller utpeikar ein referent. Referenten som blir indikert til kan vere fysisk til stades, men det er òg mogleg å referere til usynlege referentar. Ein indeks har ein dynamisk og romleg kopling med det indikerte objektet, og denne koplinga mellom teiknet og referenten har ein kontekstuell samanheng med dei sanslege erfaringa til gjenstandane eller personen (Clark, 2003; Ahearn, 2021). Den mest vanlege måten å oppfatte ein indeks er gjennom indeksfingeren. Likevel, ein indeks kan òg bli skapt av andre kroppsdelar, eller ord og teikn i teikn- og talespråk. Fysisk plassering er òg ein type indeks som skal bli presentert vidare i teksten (Svennevig, 2020). Indeksar har ein referensiell verdi og individualiserer referenten(ane) i diskursen (Liddell, 2003). I motsetning til symbol, er indeksar delvis konvensjonelle og er set i samanheng med ord eller teikn, gestar, referentar og konteksten (Ferrara et al, 2022). Ein indeks kan vere mykje forskjellig som teksten skal vise vidare.

Eit symbol er teikn som har ein konvensjonell assosiasjon mellom eit teikn og objektet. Assosiasjonen til teiknet er konvensjonelt bestemt i den spesifikke konteksten. Det betyr at teiknet assosierast med eit objekt og fortel noko om eit spesifikt uttrykk og innhald (Svennevig, 2022). På teiknspråk er manuelle leksikaliserte teikn formar for symbol, medan i talespråk er ord, skriftleg eller munnleg døme på symbol (Svennevig, 2022; Ferrara, 2018). Ikon er teikn som har ein sanseleg likskap til objektet som blir referert til i verkelegheita. Eit døme som viser denne likskapen mellom teiknet og objektet kan vere eit bilschild. Det avbildar til dømes korleis vegen er utforma som seie noko om kvar og korleis ein skal køyre (Clark, 2003; Svennevig, 2022). Teiknspråklege brukar ikoniske teikn som har ein sanseleg likskap og som avbildar og etterliknar det teiknet står for. Eit teiknspråkleg teikn som er ikonisk kan vere teiknet for katt (Vonen, 2020).

Alle desse tre typane teikn er måtar ein kan ytre noko på og er viktige ressursar i daglegdags kommunikasjon. I samband med desse tre typane teikn er det viktig å framheve at dei som regel ikkje oppstår åleine. Av og til kan eit ord eller teikn ha både symbolske, ikoniske og indeksikalske kjenneteikn. Teiknspråklege peiketeikn som blir bevegde i ein bestemt retning viser at rørsle og retninga til ein referent kan vere både symbolsk og indeksikal (Ferrara, 2018).

3. Directing-to og placing-for:

Clark skriv om peiking og plassering som to av mange ulike kommunikative handlingar som er indeksikalske. Peiking og plassering er indeksikalske handlingar der ein peiker til og plasserer referentar. Ifølgje Clark kan ein skildre peiking og plassering som teknikkar av directing-to eller placing-for. Desse to teknikkane er måtar å indikere på som er basert på korleis ein manipulerer merksemda til objekta og adressanten (Clark, 2003). I directing-to er målet å rette merksemda til adressanten til objektet som er indikert til. Peiking med directing-to inneber at ein skaper ein vektor frå ein stad på kroppen til objektet. Det kan til dømes vere eit peik med indeksfingeren til eit objekt i omgivnadane. Den andre måten å indikere på, placing-for, har som mål å bevege seg sjølv eller eit anna objekt inn i adressanten sit fokusområde. Det blir ikkje laga ein vektor i placing-for, og betyr at indeksen er området der plasseringa skjer, òg er kalla indeksstaden. Ein kan argumentere for at indeksstad er det same som omgrepet locus i teiknspråk. Omgrepet blir brukt når ein refererer til referentar i teiknrommet og viser til indeksen sin retningsbestemte peiking eller plassering i den romlege

lokasjonen framfor den teiknspråklege (Liddel, 2003; Engberg-Pedersen, 2003). Vidare i teksten blir ordet indeksstad brukt både i teikn- og talespråk. Teiknrømmet er området framfor kroppen og avbildar det mentale rommet rundt den teiknspråklege (Vonen, 2020; Perniss 2012).

Skilnaden mellom dei er at i *directing-to* manipulerer ein adressanten sin merksemd, medan i *placing-for* manipulerer ein objektet som blir indikert til (Clark, 2003). I tillegg, i *directing-to* vil den som snakkar rette merksemda til adressanten til objektet dei indikerer til gjennom ein vektor. I *placing-for* vil den som kommuniserer ikkje peike, men plassere objektet i samtalepartneren sit fokusområde. Kvar den plasserast er ikkje viktig, so lenge den kjem i fokusområdet til adressanten. I *directing-to* lager ein indeksstaden med respekt til referenten, medan i *directing-to* brukar personen ein allereie eksisterande indeksstad og etablerer referenten med omsyn til den. Indeksstadar i *placing-for* kan vere absolutte eller relative. Ein absolutt indeksstad er eit område som er etablert og konvensjonell. Relative indeksstadar er områder som ikkje er konvensjonelt etablerte og bestemte for samtalepartane og er dynamisk endrande. For å lettare illustrere dette kan ein vise til dømet til Clark om personar i køar. Når ein står i kø er dette ein indeksstad som er endrande då ein flytter på seg – den er dynamisk. Felles for teknikkane er at målet er å framheve objektet som indeksen viser til (Clark, 2003).

Sjølv om Clark tar utgangspunkt i talespråk, kan ein argumentere for at *directing-to* og *placing-for* er relevant i teiknspråk òg fordi på teiknspråk brukar ein mykje av dei same kroppselege artikulatorene og kommunikative modalitetar (Ferrara & Hodge, 2018). Desse to omgrepa skal difor trekkast saman med dei ulike måtane ein kan uttrykke indeksikalitet på i både teikn- og talespråk vidare i teksten.

4. Indikering gjennom *directing-to*:

4.1 Indeksikalitet i manuelle peik

Manuelle peik blir artikulert med henda og fingrane. Ifølgje Cooperrider et al (2018) er peik med indeksfingren den mest vanlege forma for manuelle peik og er ein grunnleggjande form for peiking i både teikn- og talespråk (Cooperrider et al, 2018). Teiknspråk som er eit visuelt-gestuet språk brukar difor mykje hender og fingrar og er svært indeksikalt. Talespråk som er vokalt-auditivt, brukar òg mykje gestar, og har difor visuelt-gestulet kjenneteikn (Cooperrider et al, 2018; Raanes, 2011; Vonen, 2020). Med manuelle peik lagar personen ein vektor frå handa eller fingren til objektet som blir indikert til i diskursen (Clark, 2003).

4.1.1 Manuelle peik i talespråk:

Kendon og Versante (2003) skriv om seks ulike måtar ein kan indikere gjennom manuelle peikegestar i den sørlege delen av Italia, og kalla napolitansk. Peiking med indeksfingern er delt inn i to måtar der begge tilfelle har utstrekt indeksfinger. Skilnaden er om handflata er orientert ned eller vertikalt. Studiet viser at peiking med handflata orientert ned, ofte blir brukt når ein skal indikere til eit sanseleg eller taktilt objekt som er i relasjon til andre objekt i rommet. Når ein peiker med handflata orientert vertikalt er det ofte knytt til at ein indikerer til objektet sine eigenskapar, og deira relasjon med andre objekt sine eigenskapar. Det kan òg vere årsaksrolla i ein situasjon eller om den har ein symbolsk mening. Peiking med tommelen blir som regel brukt når objektet eller lokasjonen som blir indikert til ikkje er hovudfokuset i samtalen. I tillegg, brukar dei tommelen når ein skal repetere eller vende tilbake til referenten i diskursen etter at den først har blitt indikert med indeksfingern. Ein kan argumentere for at peiking med tommelen fungerer som ein anaforisk referanse. Anaforiske referanse handlar om å referere tilbake til eit objekt som vart nemnd i diskursen tidlegare (Kendon & Versante, 2003). Dei to siste formane for manuell peiking blir artikulert med handa orientert vertikalt eller på skrå. Dersom ein peiker med handflata vertikalt indikerer ein til kjenneteikna som blir assosiert til objektet. Denne typen peiking blir ofte brukt i kontekstar der objektet fungerer som eit døme som skal undersøkast eller som har spesifikke evnar som bidrar i diskursen. Peiking med handflata orientert på skrått er ofte brukt i samband med indikering retta mot menneske som blir kritisert til ein tredje og uavhengig person (Kendon & Versante, 2003).

Gjennom studiet til Kendon og Versante (2003) ser ein korleis manuelle peik med indeksfingern, tommelen og handflata indikerer til sanselege objekt, eigenskapane, årsaksrolla eller symbolikken til objektet og deira relasjon mellom kvarandre. Vidare viser teksten at manuelle peik i Sør-Italia indikerer til objekt som ikkje er hovudfokuset, men som blir vendt tilbake til som ein anaforisk referanse. I tillegg kan manuelle teikn indikere kjenneteikn og kritikk. Alle formane høyrer til peiking i directing-to då det blir danna ein vektor frå kroppsdelene til det personen ynskjer å rette merksemda mot, enten det er eit objekt, eit menneske eller andre gjenstandar.

4.1.2 Manuelle peik i teiknspråk:

I teiknspråk har ein peikande teikn som blir artikulert manuelt og ikkje manuelt med ein nøytral, lukka munn eller med eit ordbilete som i pronomen (Vonen, 2020). Fokuset i denne oppgåva er på den manuelle sida av peiket. Oppgåva ser på bruk av peiketeikna personlege

pronomen, demonstrative determinativ og retningsbøygde verb som fungerer deiktisk ved at dei peiker på nokon eller noko i situasjonen (Henriksen, 2022). Desse type teikna er dynamiske der retningane og rørslene av henda markerer retningar i teiknrommet (Vonen, 2020).

Personlege pronomen er deiktiske uttrykk som betyr at dei viser til noko eller nokon i diskursen utan fast referanse. Vidare i teksten blir personlege pronomen berre skriva som pronomen. Dei vil med andre ord vere avhengig av kven som snakkar og kven referenten er (Henriksen, 2022). Elisabeth Engberg-Pedersen (2003) skriv i hennar artikkel om dansk teiknspråk at pronomen som eg, du, han, ho, mm. ikkje er avhengig av å stå saman med andre ordformer, og kan førekomme åleine i ei setning. Ein kan til dømes svare på eit spørsmål ved å seie «eg», «ho» eller «det» utan at det treng å førekomme andre ord i same setninga og dette peiket vil vere spesifikk for ein person i diskursen. I motsetning til pronomen, kjem demonstrative determinativ alltid saman med eit substantiv som ein del av ein substantiv frase. Ein kan til dømes ikkje seie «den» eller «disse» utan at det kjem eit substantiv etterpå som skildrar substantivet (Engberg-Pedersen, 2003; Hagemann, 2024). Dersom referenten er til stades indikerer ein ved å peike manuelt og direkte mot den. Når referenten ikkje er til stades kan den teiknspråklege peike i ein retning i teiknrommet og denne retninga blir indeksstaden for referenten. Figurane under viser korleis ein kan peike på teiknspråk gjennom pronomenet «ho» i figur 2 og determinativet «den» i «den katten» i figur 3 og 4 i teiknrommet.



Figur 2: *HO*



Figur 3 og 4: *KATTEN DEN* (Den katten på norsk talespråk)

Dersom ein treng å vende merksemda tilbake til referenten kan ein peike manuelt mot den usynlege referenten i same retning og det vil framleis vere den same referenten ein snakka om tidlegare. Dette er ein anaforisk referanse der ein brukar deiktiske uttrykk. For at den

anaforiske referansen skal vere meiningsfylt er det viktig at ein har etablert den godt i konteksten i diskursen (Deckert, 2011; Engberg-Pedersen, 2003; Hagemann, 2024).

Pronomen blir brukt for å referere til personar eller andre referantar, enten dei er eintal eller fleirtal. Dei fleste pronomen i norsk teiknspråk kan rettast i alle retningar i teiknrommet. Når handforma er artikulert med ein indeksfinger kan det brukast for å indikere pronomen som «eg», «du», «han/ho» eller «dei» osv. Dersom indeksfingeren er orientert mot kroppens bryst informerer det om at referenten er første person, og når indeksfingeren er orientert ut mot teiknrommet er referenten ikkje-første person. Når ein skal peike for å indikere eintal er rørsla til handforma rett, medan indikering i ordinær fleirtal er rørsla vassrett bua. I diskursar der ein skal uttrykke kollektiv fleirtal er handforma vendt nedover og lager ein vassrett sirkel. Dersom det er første person blir handforma artikulert i nærleiken av brystet, og i andre retningar når det er ikkje-første person. Retninga til handa er avhengig av kvar referenten opphalde seg, enten den er fysisk til stades eller den er usynleg og har blitt etablert og plassert i teiknrommet tidlegare (Vonen, 2020). Figurane under viser korleis ein peiker på «eg», «du» i eintal og fleirtal i form av «dei to» på teiknspråk.



Figur 5: *EG*



Figur 6: *DU*



Figur 7: *DEI TO*


Den andre typen peikande teikn er retningsbøygde verb (Vonen, 2020). Verba er peikande då dei indikerer retninga av rørsla til referenten og kvar referenten beveger seg til.

Retningsbøygde verb er delvis leksikalske teikn fordi deira rørsler og retningar er dynamiske og er leksikalsk uspesifisert. Retningsbøygde verb og ikkje-første person pronomen er like på den måten at dei er leksikalsk uspesifisert fordi ikkje første-person pronomen kan peike i alle moglege retningar i teiknrommet so lenge det er mot den same plasseringa der ein har etablert referenten tidlegare. Retningsbøygde verb blir brukt i kontekstar som involverer fleire

referentar, og blir retningsbøygde avhengig av konteksten og referentane i diskursen. Eit døme på eit leksikalsk verb som er indeksikalt kan vere teiknet «få». Når ein brukar dette teiknet vil det vere avhengig av kven ein indikerer til som skal «få» noko. Teiknet startar framfor den teiknspråklege, og dersom det er ein sjølv som skal «få» noko vil ein bevege verbet mot seg sjølv om indikerer at «eg» får noko som vi ser på figur 8. Dersom ein beveger verbet ut mot seg sjølv indikerer det at nokon andre skal «få» noko, enten det er «du» eller «dei» osv, som på figur 9 viser. Ein kan altså indikere kven som skal få noko gjennom retningsbøygde verb som ein beveger i teiknrommet (Vonen, 2020). Peikande teikn er indeksikalske fordi dei peiker ut rørsle og retninga til referenten gjennom ein vektor frå henda og ut mot referenten (Clark, 2003).



Figur 8: *EG FÅR*



Figur 9: *DU eller DEI FÅR*

I samband med teorien til Clark kan ein argumentere for at å indikere med peiketeikn høyrer til *directing-to* fordi dei retter merksemda til adressanten mot objektet som blir indikert til og det blir laga ein vektor frå det manuelle teiknet mot referenten som blir peika til. Pronomen og determinativ informerer om kven eller kva objektet eller person er, og retningsbøygde verb fortel noko om retninga og rørsle til referenten. Frå indeksfingeren eller handa lager ein denne vektoren mellom indeksfingeren og det som blir peika til.

4.2 Indeksikalitet i ikkje-manuelle peik:

Ikkje-manuelle peik er peiking med hovud, blick, augebryn, munn og overkropp. Først ser teksten på ikkje manuelle peik gjennom pronomen og determinativ med stemmen, og deretter på ikkje-manuelle peik med blikket, ansikt, hovud og overkroppen i både teikn- og talespråk (Statped, 2022, 0:14; Vonen, 2020; Cooperrider et al, 2018)

4.2.1 Indeksikalitet i ord på talespråk:

Gjennom stemmen kan talespråklege bruke pronomen og determinativ som indikerer noko om personen, objektet, hendinga og anna. Dei er deiktiske uttrykk, som viser til blant anna personar, dyr og gjenstandar i omgivnadane. Dersom ein til dømes seier «han reiser klokka tre» indikerer det at det er «han» som er referenten som skal reise. Når ein seier «me hadde det fint» indikerer det at det ikkje var eg, han eller ho, men «me» som i meg og nokon andre som hadde det fint. Ser ein på eit døme med eit determinativ «desse var fine» indikerer det at det er fleire referentar i diskursen og ikkje berre ein. Når ein brukar pronomen og determinativ er det viktig at dei er forankra i ein spesifikk kontekst. Romlege kontekstar er ein del av dette då desse indeksane indikerer til den umiddelbare konteksten. Ein kan illustrere dette når ein person peiker til ei bok framfor seg og ytrar «denne» eller «den». Ved å bruke både indeksfingeren og determinativ for å peike til objektet er det mogleg å oppfatte kva som blir indikert til i den spesifikke konteksten (Deckert & Vickers, 2011; Stojanovic, 2020).

4.2.2 Indeksikalitet i blick i teikn og talespråk:

Blick er ein måte å vise indeksikalitet på i både teikn- og talespråk. Først ser teksten på nokon felles måtar å bruke blikket for å indikere i teikn- og talespråk, nemleg augekontakt og blikkretning. Deretter vender teksten seg til korleis ein kan bruke blick i teiknspråk som skilje seg frå talespråklege måtar å bruke blick ved å sjå på blikket i observasjonsperspektivet og konstruert handling.

Augekontakt er ein viktig del i ansikt til ansikt kommunikasjonen mellom samtalepartnarane og kan indikere at adressanten er med i samtalen og forstår det som blir sagt. Ein kan argumentere for at augekontakt er ein peikande ikkje-manuell indeks fordi det blir laga ein vektor frå auga til den som snakkar til adressanten (Engberg-Pedersen, 2003). Blikkretninga mot andre referantar enn adressanten er òg ein indeks fordi retninga til blikket indikere blant anna kvar adressanten skal rette merksemda. Retninga til blikket vil vere avhengig av kvar referentane er plassert enten fysisk som synlege referantar eller som usynlege referantar. Med blikkretninga skaper personen ein vektor frå auga sine mot referenten (Engberg-Pedersen, 2003). Difor kan ein seie at augekontakt og blikkretninga er ein form for directing-to då merksemda er mot objektet eller personen ein retter blikket mot (Clark, 2003).

På teiknspråk kan ein bruke blick til å indikere forskjellig informasjon, blant anna kven ein snakkar til, kven sitt perspektiv ein snakkar gjennom og andre måtar. Eg tar utgangspunkt i

teksten til Engberg-Pedersen og hennar tolking av korleis ein kan indikere med blick gjennom observasjonsperspektiv og rolleskifte. Når ein brukar observasjonsblick i ansikt til ansikt interaksjonar brukar ein blick for å indikere til synlege og usynlege referentar i teiknrommet. I ein teiknspråkdiskurs mellom to personar kan ein bruke blick for å peike til ein etablert usynleg referent som er plassert på ein bestemt og fast plass i teiknrommet. Samtidig som ein plasserer den eller de referentane i teiknrommet ser ein på referentane i same retning som det blir plassert. Ein peikar altså med blikket mot referenten som blir indikert til, ved å rette merksemda til adressanten mot referenten på den etablerte plassen i teiknrommet (Engberg-Pedersen, 2003).


Når ein brukar blick i rolleskifte eller konstruert handling kan ein byte på perspektiva til kven eller kva som ytrar noko. Konstruert handling er ein måte å demonstrere informasjon om referentar og finst i fleire teiknspråk (Ferrara et al, 2022). Gjennom konstruert handling kan den teiknspråklege endre ståstad og snakke frå andre og eigne opplevingar, erfaringar og ytringar. Gjennom rolleskiftet kan den teiknspråklege demonstrere alt frå ein karakters si utsjånad, samtaleinnhold og kjensler gjennom mimikk, blick, ansikt og kroppen (Engberg-Pedersen, 2003). Når ein skal demonstrere ein samtale mellom to personar gjennom konstruert handling er det viktig å bruke både blick, pronomen og nominala for å gjere det tydeleg kven som seier kva. Blickretninga i ein slik kontekst indikerer perspektivet til den som overtar eit anna perspektiv og kven som blir adressert. Blickretninga blir altså ein indeks for perspektivet til referenten og kvar referenten er i omgivnadane (Engberg-Pedersen, 2003). Blick, i likskap med andre manuelle og ikkje-manuelle kroppsdelar, som indeksfingern, hovud og overkroppen kan indikere kven sit perspektiv referenten har. Blick i konstruert handling lagar i likskap med dei andre måtane å bruke blick ein vektor frå kroppen til ein referent i omgivnadane (Clark, 2003; Engberg-Pedersen, 2003).

4.2.3 Indeksikalitet i tid:

På talespråk kan ein bruke gestar for å indikere til deiktisk tid i ord og uttrykk om fortid og framtid. I dag bruker me metaforiske uttrykk som har romlege indikasjonar der ein samanliknar tid med romlege forhold om framfor og bak. Uttrykk som «Den dagen er bak oss no» eller «Eg ser framover» er ikkje uvanlege å bruke på norsk og andre talespråk (Kita, 2009). Tidsadverb er viktig i denne samanhengen då dei indikerer til tidsforløpet i ei hending. Saman med leksikalske ord brukar ein ofte overkroppen for å indikere tid. Dersom ein seier «Dagen er bak oss no» vil overkroppen følge og reflektere ytringa ved å bevege den bakover.

Det same gjeld «Eg ser framover». I denne ytringa vil overkroppen bli bevegdd framover for å indikere framtid. Likevel, sjølv om det er vanleg å bruke slike konsept om tid i vesten, er det òg andre språk der ein gjer omvendt. Talespråkelege i Aymara i Chile er eit døme på dette og kartlegge framtida ved å bevege overkroppen bakover og i ytringar med fortida beveger dei overkroppen framover (Kita, 2009).

Ifølgje Puupponen (2019) og hennar studie om bruk av hovudrørsler i finsk teiknspråk kan ein bruke hovudet for å indikere tid ved å organisere tidsmessige hendingar til referentar i teiknrømmet gjennom fram og tilbake hovudrørsler. Hovudet og overkroppen jobbar saman som ein indeks og peiker på tidsmessige områder som indikerer til handlingsforløpet i diskursen. Ved å indikere til ei hending i framtid eller fortid fortel ein noko om relasjonen i tidsforløpet. Når ein snakkar om ei hending peiker ein til hendinga i relasjon til det «tidsmessige referansepunktet» (Puupponen, 2019, s. 15, eigen omsetjing). Gjennom ikkje manuelle peik med hovudrørsler, overkroppen og manuelle peik plasserer ein tid fram eller bak ved å plassere kroppen framover eller bakover. Puupponen skriv ytterlegare om korleis ein kan indikere til tid gjennom deiktiske teikn for framtid og fortid saman med fram og tilbake rørsler av hovudet og overkroppen. Dette blir illustrert med figur 9 og 10 under som viser teikna «i dag» og «i morgon» med kroppen og hovudet bevegdd framover, og figur 11 som viser teiknet «i forigårs» med kroppen og hovudet bakoverlent.



Figur 9: *I DAG*



Figur 10: *I MORGO*



Figur 11: *I FORIGÅRS*

Ord eller teikn som har tidsmessige deiktiske meiningar, som tidsadverba som *de over*, er indeksikalske teikn som plasserer referentar i ein tidslinje og set dei i tidsmessige relasjonar til kvarandre. Bruk av hovudrørsler og overkroppen for å indikere tid kjem alltid saman med leksikalske ord og teikn som ein del av samansette ytringar (Puupponen, 2019). Ein kan indikere tid gjennom bruk av deiktiske ord og teikn, samt rørsler med hovudet og overkroppen som peiker framover eller bakover.

4.2.4 Indeksikalitet gjennom ansikt, hovud og kroppen:

Puupponens fortel om korleis ikkje-manuell bruk av ansikt, hovud, kroppsorienteringa og rørsle kan indikere relasjonen og dei semantiske rollane mellom referentane i diskursen. Det er tydeleg at rørsler med hovudet har indeksikalske kjenneteikn då rørslene indikerer til referentar. Hovudrørsler kan peike mot synlege eller usynlege referentar (abstrakt deiksis) som fungerer som ikkje-manuelle peik som lager ein vektor frå hovudet mot ein lokasjon, objekt, personar og anna (Puupponen, 2019). Det er mange ulike måtar ein kan uttrykke indeksikalitet gjennom hovudrørsler og orientering. Ein kan referere til referentar ved å peike med heile hovudet i retninga av referenten, men ein kan òg bruke mindre rørsler. Til dømes kan ein vende hovudet fram og tilbake eller på skrå samtidig som ein peiker med blikket mot referenten i diskursen. Peiking med hovudet oppstår ofte i samband med andre indeksikalske manuelle og ikkje manuelle peik og teikn i samansette ytringar (Puupponen, 2019). Ifølgje Engberg-Pedersen er flytting av kroppen fram og tilbake ikkje indeksikalt, berre rotasjon av overkroppen og hovudet er det. Likevel, som teksten har vist over kan ein argumentere for at ein òg kan indikere tid gjennom flytting av overkroppen fram og tilbake for å indikere framtid og fortid (Puupponen, 2019).

Engberg-Pedersen ytrar vidare at indikering med hovud og kropp refererer til orienteringa og retninga til den teiknspråklege under ein teiknspråkdiskurs mellom to eller fleire partar. Hovud- og kroppsorienteringa vil naturleg vere retta mot indeksstaden til adressanten. I ansikt til ansikt interaksjonar vil ansiktet, hovud og kroppen automatisk vere vendt til enten personen som snakkar, eller det som blir snakka om i diskursen (Engberg-Pedersen, 2003). Orienteringa av hovudet og kroppen endrar seg når hovudet og kroppen roterer seg rundt til den som pratar når ein skal rette fokuset mot ein ny indeksstad. Faktorar som påverkar hovudrotasjonen er om referentane i teiknspråkdiskursen er godt etablerte eller ikkje er i teiknrommet. Dersom dei ikkje er godt etablert kan det vere nødvendig å repetere referentane i teiknrommet og dermed vil det vere fleire hovud- og kroppsrotasjonar. Det blir altså anaforisk referanse av referentane. Ein annan faktor som kan påverke hovud og kroppsrotasjonen er om det er mykje bruk av konstruert handling. Dersom ein spelar to ulike rollar i ein diskurs kan det vere sannsyn for at det vil vere meir aktiv bruk av rotasjonar av hovud og overkroppen for å indikere kven som snakkar. Ein ser altså eit tett samarbeid mellom blick, hovud- og kroppsorientering for å indikere til referentane i teiknspråkdiskursen (Engberg-Pedersen, 2003).

Som Cooperrider ytrar er peiking med hovudet og ansiktet svært utbreidd på tvers av teikn- og talespråk (Cooperrider et al, 2018). Når ein indikerer med peiking med hovud og ansiktet lager personen ein vektor med den kroppsdel som er konvensjonell i den spesifikke situasjonen mot referenten som blir indikert til. Indikering med ansiktet er eit fenomen som blant anna kan skje gjennom leppe-peiking eller rynking av bryn. Det er ikkje uvanleg at ein peiker med leppene, og det er eit fenomen som er observert i fleire kontinent, både i Asia, Sentral-Amerika og Afrika (Cooperrider et al, 2018). I Laos er denne måten å peike på brukt når referenten er hovudfokuset i diskursen, og den som peiker med leppene antar at adressanten veit kven eller kva referenten er. Gjennom leppene peiker ein med ein vektor mot referenten og retter merksemda til det som blir indikert til (Kita, 2009; Cooperrider et al, 2018).

Når ein indikerer med ansikt, hovud- og kroppsorientering er det ein form for directing-to fordi ein retter merksemda til adressanten der den teiknspråklege eller talespråklege ynskjer å rette merksemda mot. I alle døma over ser ein òg at det er eit samspel mellom dei ulike kroppsdelane når ein indikerer. Blick blir òg ein naturleg del av indikeringa når ein brukar

hovud- og kroppsorientering då auga automatisk vil sjå mot det som blir indikert til. Augekontakt og blikkretninga er indeksar som retter merksemda til adressanten mot referenten. Konstruert handling i teiknspråk gjer at ein kan byte på perspektiva til seg sjølv og andre referentar, blant anna gjennom blikk og overkroppen. Indeksikalitet med ansikt, hovud og kroppen inngår i ein svært multimodal prosess som saman blir ein del av ein samansett ytring. Indikering med ikkje manuelle peiking skjer ofte saman med manuelle peik, og andre teikn og ord (Ferrara & Hodge, 2018; Ferrara et al, 2022).

5. Indikering gjennom placing-for:

5.1 Indeksikalitet gjennom plassering av seg sjølv, kunstige ting og objekt

Med artikkelen til Clark (2003) i utgangspunkt ser teksten på indikering gjennom plassering av seg sjølv, kunstige ting og objekt. Ved å vise til eit døme for korleis ein indikerer ved placing-for skal teksten vise korleis ein kan indikere ved å plassere seg sjølv og andre gjenstandar i andre referentar sine fokusområde. Ein klasse skal gjennomføre ein skriftleg naturfagstest og sit å venter på at dei skal få prøven. Elevane får alle saman prøvane lagt på pulten og so må dei vente til læraren seier at dei kan snu arka. Jakob og Siver sit saman fremst i klasserommet og læraren stiller seg først framfor Siver då han er nærmast og legg prøva på pulten hans. Deretter stiller læraren seg bort til Jakob og legg prøva på hans pult. I dette dømet plasserer læraren seg sjølv framfor elevane for å indikere at nå er det din tur å få prøva, og deretter plasserer ho sjølve prøva på pulten deira. Her er det indeksikalitet gjennom plassering av seg sjølv og ein annan gjenstand i adressanten sitt fokusområde. Først stilte læraren seg framfor Siver for å indikere at du skal få prøven først, og deretter la ho prøva på pulten hans som indikerer at denne prøva er hans. Etterpå stilte læraren seg framfor Jakob for å indikere at du er neste person som skal få prøva og la den ned på pulten som indikerer at den prøva er hans. Indeksstaden her er pultane i klasserommet. Dei har allereie ei etablert meining og difor skjer det ein naturleg prosess av plassering av seg sjølv og prøva. Pulten i dette dømet er ein absolutt indeksstad då den har ein etablert og konvensjonell meining i klasserommet. Pultane er ein indeks som indikerer at her skal elevane sitte i undervisninga (Clark, 2003). Dømet viser korleis ein indikerer gjennom å plassere seg sjølv og andre objekt i nokon andre sitt fokusområde.

5.2 Indeksikalitet i plassering av referentar i teiknrommet i teiknspråk:

Når ein indikerer plassering av synlege og usynlege referentar i teiknspråk er det viktig å trekke inn teiknrommet. Tidlegare har ein gjerne anvendt bruken av teiknrommet som enten topografisk eller syntaktisk (Perniss, 2012). Pamela Perniss (2012) skreiv ein artikkel om bruk av teiknrom der ein kan dele teiknrommet opp i topografisk og syntaktisk bruk som skildrar korleis ein plasserer referentar på tilfeldige eller ikkje tilfeldige stadar i teiknrommet. Likevel desse omgrepa skal ikkje stå i fokus vidare i oppgåva, men fokuserer heller på kva faktorar som avgjer korleis ein plasserer referentane og kva det indikerer. Plassering i teiknrommet er indeksikalt fordi det indikerer den teiknspråklege eller ein anna referent sin relasjon til dei andre referentane og korleis denne relasjonen er. Denne forma for indeksikalitet er ein type plassering av synlege eller usynlege referentar i adressanten sin fokusområde, og difor er det ein del av placing-for (Clark, 2003; Perniss, 2012).

I teiknspråk er plassering av synlege og usynlege referentar avgjerande for korleis ein refererer i teiknrommet. Den teiknspråklege kan plassere referenten manuelt på ein indeksstad i teiknrommet. Ein kan bruke både manuelle peik, samt andre kroppsdelar for å plassere referentar i teiknrommet (Engberg-Pedersen, 2003; Perniss, 2012). Med manuelle peik og flytting av hovudet, overkroppen og blikket mot ein bestemt stad i teiknrommet etablerer ein referenten på ein fast stad. Dersom ein treng å vende merksemda tilbake til referenten seinare i diskursen kan ein peike tilbake på same indeksstad. Denne måten å plassere ein referent er anaforisk. Når ein brukar ein anaforisk referanse på teiknspråk brukar ein aktivt teiknrommet ved å etablere personar eller objekt på ein meningsfull stad som er konvensjonell og som ein kan referere tilbake til i seinare i samtalen (Engberg-Pedersen, 2003, Perniss, 2012).

Teiknrommet uttrykker indeksikalitet ved at den fortel noko om det romlege forholdet mellom referentane. Når ein brukar teiknrommet for å uttrykke meining skjer det gjennom etableringa av referenten og dens kopling til lokasjonar i teiknrommet. Det vil seie at den romlege plasseringa av referentane i teiknrommet kan illustrere dei faktiske forholda, relasjonane og lokasjonen i verkelegheita. Indeksstaden som blir indikert til er valt bevist for å etablere romlege forhold mellom referentane. Det er fleire ulike faktorar som avgjer om referentane blir plassert på bestemte områder. Desse faktorane inkluderer blant anna relasjonen mellom referentane. Det vil seie at plasseringa av referentane blir plassert i samband med deira nærheit eller distanse til kvarandre. Eit døme som illustrerer dette i ein teiknspråkleg diskurs om menneske er når ein brukar teikn som «bror» og «søster» i figur 12 og 13. Desse to

referentane har familiære og nære relasjonar til den teiknspråklege og difor kan det tenkjast at ein vil plassere dei nærmare kroppen, samt kvarandre i teiknrommet for å indikere at dei er kjende og familiære referentar.




Figur 12: *BROR*



Figur 13: *SØSTER*

Eit døme som indikerer ein motsetning mellom det familiære og ikkje familiære i teiknrommet kan vere dersom den diskursen handlar om «slektning» og «søster» som ein ser i figurane 14 og 15 under. I denne konteksten kan det tenkjast at ein plasserer teiknet «søster» nærmare kroppen for å indikere ein nær relasjon mellom den teiknspråklege og referenten, medan teiknet «slektning» kanskje vil plasserast lenger vekk frå den teiknspråklege sin kropp ettersom det er mindre nærskap (Perniss, 2012).



Figur 14: *SLEKTNING*




Figur 15: *SØSTER*

Ein annan faktor som påverkar plasseringa av referentane i teiknrommet er den teiknspråklege sin relasjonen til referentane. Dersom referenten er noko som den teiknspråklege misliker plasserer dei ofte den på ein lokasjon som er lenger vekk frå kroppen, i motsetning til når referenten er noko som den teiknspråklege har gode relasjonar til. Da kan det tenkjast at den teiknspråklege vil plasserer referenten nærmare seg sjølv (Perniss, 2012). Dette blir illustrert gjennom figur 16 som viser teiknet for «fisk» som blir plassert lenger vekk frå kroppen, medan teiknet i figur 17 for «kake» er noko personen liker og blir dermed plassert nærmare kroppen.



Figur 16: *FISK*



Figur 17: *KAKE*

Lokasjonen til referentar som hus, bygningar, menneske og deira lokasjon mellom seg blir òg plassert i teiknrommet som er tilnærma verkelegheita. Ein kan illustrere dette med eit døme der ein skal beskrive korleis ein kjem seg frå «huset», figur 18, til ein «butikk», figur 19, med ein «person», figur 20, som går mellom huset og butikken. Når ein skal kartlegge plasseringa av dei ulike referentane i denne diskursen kan det vere lurt å plassere huset og butikken i teiknrommet. Ein kan òg plassere seg sjølv og vise korleis ein beveger seg frå den eine referenten til den andre. Alle referentane er plassert slik ruta ser ut i verkelegheita. Denne måten er indeksikal fordi den indikerer kvar referentane er i forhold til kvarandre (Perniss, 2012).



Figur 18: *HUSET*

Figur 19: *BUTIKKEN*



Figur 20: *PERSON* som går frå huset til butikken

6. Drøfting og samanlikning:

Teikn- og talespråk har både likskapar og skilnadar i måten indeksikalitet blir uttrykt. I språka peiker dei gjennom directing-to ved å skape ein vektor frå den spesifikke kroppsdelen, indeksen, til referenten i diskursen. Gjennom dømet frå Sør-Italia ser ein korleis talespråklege brukar manuelle peik for å indikere informasjon om referenten i seg sjølv, eigenskapane deira og relasjonane mellom referentane. Dømet frå Sør-Italia viser at talespråklege brukar òg den visuelle-gestuelle modaliteten for å indikere i daglegdags kommunikasjon i likskap med teiknspråk (Kendon & Versante, 2003). Likevel, ein kan argumentere for at den kvardagslege kommunikasjonen til teiknspråklege brukar noko meir manuelle peik enn talespråklege då teiknspråk har den visuelle-gestuelle modaliteten som kommunikasjonskanal (Vonen, 2020). Dette kan ein støtte gjennom argumentet til Engberg-Pedersen som fortel at gjennomsnittleg kvart fjerde teikn i diskursen er eit peiketeikn på teiknspråk (Engberg-Pedersen, 2003).

Manuelle peik i teiknspråk gjennom peiketeikna personlege pronomen, demonstrative determinativ og retningsbøygde verb indikerer kven som snakkar og kven ein snakke om eller til. I tillegg indikerer peiketeikna til retninga og rørsla til referenten (Vonen, 2020). På talespråk er pronomen og determinativ artikulert gjennom den ikkje manuelle stemmen. Likevel, talespråklege kan òg bruke indeksfingeren samtidig som dei brukar stemmen når dei artikulerer pronomen og determinativ for å forsterke kven referenten er (Clark, 2003). Ved å bruke pronomen og determinativ med blant anna manuelle peik på teiknspråk eller den ikkje manuelle stemmen på talespråk, gjerne saman med eit manuelt peik, kan ein indikere tilbake til ein tidlegare referent i diskursen. Anaforisk bruk av referanse som indikering er difor synleg i både teikn- og talespråk. Gjennom manuelle og ikkje manuelle peik retter ein merksemda tilbake til ein tidlegare referent med deiktiske uttrykk (Deckert, 2011; Engberg-Pedersen, 2003; Hagemann, 2024).

Ikkje manuelle peik med blick har likskapar og skilnadar i teikn- og talespråk, men felles er bruken av augekontakt og blikkretninga for å indikere at ein følgjer med i samtalen, forstår det som blir sagt, og retter merksemda der ein vil adressanten skal sjå. Endringar i blikkretninga fungerer som ein vektor som retter merksemda til ein referent der samtalepartnaren ynskjer adressanten skal ha fokuset. Dette er felles ved både teikn- og talespråk, men dei skil seg blant anna ved at i teiknspråklege brukar observasjonsblikk. I tillegg, skil teiknspråk seg ytterlegare fordi teiknspråklege kan indikere med blick i konstruert handling (Clark, 2003; Engberg-Pedersen, 2003). Indeksikalitet i observasjonsblikk er knytt til indikering av synlege og usynlege referentar i teiknrrommet og blikket blir brukt saman med manuelle peik og andre ikkje-manuelle peik for å indikere til referentar. Blick og overkroppen i konstruert handling uttrykker indeksikalitet, ofte saman med manuelle peik, for å indikere informasjon om referentane og deira relasjon mellom seg (Engberg-Pedersen, 2003).

På teiknspråk blir indeksikalitet i tid blant anna artikulert manuelt med tidsadverb. I tillegg kan ein bruke hovudet og overkroppen for å indikere tidsmessige relasjonar og referentar. På talespråk brukar ein den ikkje manuelle stemmen for å indikere til tid, som er det nærmaste ein kjem teikn på teiknspråk. Tidsadverb fortel noko om tidsforløpet til referenten(ane). I likskap med teiknspråk, kan ein i talespråk òg bruke hovud og overkroppen til å indikere tid ved å bevege overkroppen framover for å indikere framtid, og bakover for å indikere fortid. Sjølv om dette konseptet om framtid og fortid blir relatert med ord eller teikn og overkroppen

i mange vestlege land, er det ikkje slik for alle, som til dømes Aymara folket som gjer det motsette (Kita, 2009; Puupponen, 2019).

Indeksikalitet i ikkje-manuelle peik er brukt i både teikn- og talespråk. Som Puupponen skriv, er bruk av ikkje manuelle peik med hovudet og overkroppen aktive peik som finst på tvers av språka. Med dei ikkje manuelle peika kan ein indikere til referentar i omgivnadane. Gjennom stemmen på talespråk kan ein peike til referentar med pronomen og determinativ, som kan førekomme saman med manuelle peik. På teiknspråk kan bruk av mykje blikk, hovud og overkroppen vere påverka av mengd konstruert handling fordi det skjer mykje endringar i orienteringa og rørsle med kroppen i konstruert handling fordi ein byter på perspektivet til referenten (Engberg-Pedersen, 2003; Perniss, 2012). På teiknspråk kan ikkje manuelle peik med hovudet og overkroppen vidare indikere til relasjonane og dei semantiske rollane mellom referentane ved å peike til dei i teiknrommet. Vidare kan orienteringa og rørsle med hovudet, overkroppen og blikket indikere kvar referenten står i forhold til seg sjølv. På talespråk er peiking med hovudet og overkroppen mot referenten heller ikkje uvanleg og i likskap med teiknspråk lagar ein vektoren for den spesifikke kroppsdelen til referenten. Likevel, det er skilnadar på korleis ein kan indikere med hovudet og overkroppen på talespråk som ein ser i dømet med leppepeiking som er ein måte å indikere til på i Asia, Sentral-Amerika og Afrika (Kita, 2009; Cooperrider et al, 2018).

Indikering gjennom plassering av synlege referentar i adressanten sitt fokusområde blir artikulert manuelt både på teikn- og talespråk. Ein kan plassere seg sjølv eller andre referentar i fokusområdet til adressanten og indikere til dømes kven sin tur det er å få noko, eller plassere eit objekt framfor adressanten som kan indikere at objektet tilhøyrar deg som det tidlegare talespråklege dømet med klasserommet viser. Plasseringa av læraren framfor pultane indikerer at læraren skal gi elevane prøvane og at elevane skal ta dei i mot. Pultane er plassert konvensjonelt i klasserommet og er ein absolutt indeksstad som har etablerte meininger. I samband med plassering av referentar skil teiknspråk med talespråk då teiknspråklege òg brukar teiknrommet for å plassere synlege og usynlege referentar og dermed indikere til referentar og deira relasjon til kvarandre enten referenten er personar, gjenstandar eller anna (Clark, 2003; Perniss, 2012).

Peiking med indeksfingeren er ein ofte gjentakande og multifunksjonell form for indeksikalitet både i teikn- og talespråk. Skilnaden mellom teiknspråk og talespråk er knytt til

kva hovudmodalitet ein brukar. Teiknspråk er eit visuelt-gestuet språk som produserer og skapar meining gjennom handrørsler, ansikt og kropp som blir avlest og forstått gjennom det visuelle synet. Språket er difor sterkt prega av å vere indeksikalt (Vonen, 2020; Ferrara, 2020). Felles for indeksikalitet med manuelle peik og ikkje manuelle peik i teikn- og talespråk er at det er ein form for peiking der ein retter merksemda mot referenten i diskursen enten det er personar, tid, lokasjonar og anna gjennom ein vektor. Difor høyrer dei til teknikken *directing-to* (Clark, 2003; Engberg-Pedersen, 2003; Kendon & Versante, 2003; Kita, 2009). I samband med indeksikalitet i plassering av synlege og usynlege referentar i teikn- og talespråk, plasserer eit objekt i adressanten sin fokusområde og indikerer både til relasjonane mellom referentane og dei semantiske rollane deira. I tillegg, indikerer plassering av seg sjølv og andre objekt etablerte handlingar som gir meining i konteksten då dei er konvensjonelle (Clark, 2003; Perniss, 2012).

I samband med *directing-to* og *placing-for* er konteksten viktig for at både peiking og plassering skal vere meiningsfylte. I *directing-to* kjem konteksten utanifrå som regel med følgjande tale eller teikn, men som teksten viser kan det òg komme gjennom manuelle og ikkje manuelle peiking (Clark, 2003). I tillegg, når ein indikerer gjennom peiking blir indeksstaden skapt i samhold med referenten. Indikering i *placing-for* får konteksten innanifrå og difor treng ikkje indikering ved plassering å ha med følgjande tale eller teikn ettersom indeksstaden er ein spesiell og etablert stad som allereie eksisterer og har ein konvensjonell meining. Peiking og plassering skjer ofte samtidig i samansette ytringar som ein multimodal interaksjon, og saman skapar dei meining og framhevar budskapet (Ferrara & Hodge, 2018; Ferrara et al, 2022). Sjølv om desse to teknikkane er presentert som to individuelle måtar å indikere oppstår dei altså ofte saman i same situasjon som teksten over viser.

7. Oppsummering:

Ser ein tilbake til dømet i innleiinga med Elisabeth og resepsjonisten ser me at indeksikalitet blir uttrykt på mange ulike måtar på teikn- og talespråk. Det blir uttrykt gjennom manuell peiking og ikkje manuelle peiking med ord eller teikn, blikk, hovud og overkroppen. Elisabeth plasserer seg sjølv framfor resepsjonsdisken som indikerer at ho ynskjer service, medan resepsjonisten står plassert bak resepsjonsdisken for å indikere at ho er klar for å hjelpe Elisabeth. Resepsjonsdisken, indeksstaden, har ein etablert og konvensjonell meining. I samband med plassering i teiknrommet blir synlege og usynlege referentar plassert i forhold til kvarandre som reflekterer verkelegheita, knytt til referentane sine relasjonar mellom seg,

enten det er personar, objekt eller lokasjonar. Indeksikalitet produserer altså meningsfulle og synlege kroppshandlingar som manuell og ikkje manuell peiking, og plassering av seg sjølv eller andre synlege eller usynlege referentar som skapar mening i samansette ytringar. Peiking og plassering er ein slik meningsfull og kroppsleg rørsle som indikerer og framhevar referent som indeksen viser til (Clark, 2003; Ferrara, 2020; Raanes, 2011).

8. Kjeldeliste:

- Ahearn, L. M. (2021). *Living Language: An Introduction to Linguistic Anthropology* (3. Utgåve). Wiley Blackwell.
- Bø, V., Ferrara, L., & Halvorsen, P. R. (2018). Språkøkologi. I Haualand, Hilde; Nilsson, Anna-Lena; Raanes, Eli (Red.). *Talking - språkarbeid og profesjonsutøvelse*. s. 61-75. Gyldendal Akademisk.
- Clark, H. H. (2003). Pointing and placing. I S. Kita (Red.), *Where Language, Culture, and Cognition Meet* (pp. 243-268). Psychology Press.
- Cooperrinder, K., Slotta, J., & Nùñez, R. (2018). The preference for pointing with the hand is not universal. *Cognitive Science: A Multidisciplinary Journal*, 42(4), 1375-1390. <https://doi.org/10.1111/cogs.12585>
- Deckert, S. K & Vickers, C. H. (2011). Indexicality. I Deckert, S. K & Vickers, C. H (Red.), *An Introduction to Sociolinguistics: Society and Identity* (s. 119-128). Continuum.
- Engberg-Pedersen, E. (2003). From pointing to reference and predication: pointing signs, eyegaze, and head and body orientation in Danish Sign Language. In S. Kita (Red.), *Pointing: where language, culture, and cognition meet* (pp. 269-292). Lawrence Erlbaum Associates.
- Ferrara, L. (2020). Some interactional functions of finger pointing in signed language conversations. *Glossa: a journal of general linguistics*. Ubiquity Press.
- Ferrara, L., & Hodge, G. (2018). Language as Description, Indication and Depiction. *Frontiers in Psychology*, 9. <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2018.00716>
- Ferrara, L., Anible, B., Hodge, G., Jantunen, T., Leeson, L., Mesch, J., & Nilsson, A. (2022). A cross-linguistic comparisons of reference across five signed language. *Linguistic Typology*, 27(3), s. 591-627. <https://doi.org/10.1515/lingty-2021-0057>
- Hagemann, K. (2024, 7. mai). *Determinativ (grammatikk)*. Store norske leksikon. <https://snl.no/determinativ - grammatikk>
- Henriksen, A. H. (2022, 6. mai). *Deiktisk*. Store norske leksikon. <https://snl.no/deiktisk>
- Henriksen, A. H., & Svennevig, J., (2022, 26. januar). *Modalitet*. Store norske leksikon. <https://snl.no/modalitet>
- Kendon, A., & Versante, L. (2003). Pointing by hand in Neopolitan. I S. Kita (Red.), *Where Language, Culture and Cognition Meet*. Psychology Press.
- Kita, S. (2009). Cross-cultural variation and speech-accompanying gesture: A review. *Language and Cognitive Processes*, 24(2), s. 145-167. <https://doi.org/10.1080/01690960802586188>

- Liddel, S. K. (2003). *Grammar, gesture and meaning in American Sign Language*. Cambridge University Press.
- Perniss, P. (2012). Use of sign space. In R. Pfau, M. Steinbach & B. Woll (Red.), *Sign Language: An International Handbook*, 37, S. 412-431. De Gruyter Mouton. <https://doi.org/10.1515/9783110261325.412>
- Prieur, J-P. (2015). Hotel employee rule number 1: Service with a smile. Henta frå <https://www.linkedin.com/pulse/hotel-employee-rule-number-1-service-smile-jean-pierre-prieur>
- Puupponen, A. (2019). Towards understanding nonmanuality: A semiotic treatment of signer's head movements. *Glossa*, 4(1), 1-39. <https://doi.org/10.5334/gjgl.709>
- Raanes, E. (2011). Tegnspråk og taktilt tegnspråk. *Norsk Lingvistikk Tidsskrift*, 29(1), 54-86. <http://hdl.handle.net/11250/2621856>
- Statped. (2022, 22. november). *Ikke manuelle komponenter* [Video]. Youtube. <https://www.youtube.com/watch?v=fu4Ih8WSqHc&t=5s>
- Stojanovic, I. (2020). Indexicality: I, Here, Now. I L. Matthewson., C. Meier., H. Rullann & T. E. Zimmermann & D. Gutzmann (Red.). The Wiley Blackwell Comparison to Semantics. <https://doi.org/10.1002/9781118788516.sem123>
- Svennevig, J. (2022). *Språklig samhandling: Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. (3.utgåve). Cappelen Damm akademisk.
- Vonen, A. M. (2020). *Norsk tegnspråk: en grunnbok*. (1. utg). Cappelen Damm Akademisk.

